



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 17/8252-6

Internt l.nr.: 44354/17

Sak: 32/17

Tittel: Høring - Forslag til forskrift om tildeling av utdanningsstøtte 2018 - 2019

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje forslaget i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-2019 som gjeld kapittel 10 Endring av avstandsgrense mellom foreldreheim og skule for å få bustipend.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje forslaget i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-2019 som gjeld kapittel 11 Redusert stipenddel i reisetilskotet til søkjarar som får stønad til vidaregåande opplæring i utlandet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør dei andre forslaga i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-19.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring ber om at saksprotokoll frå HO-sak 28/17 vert sendt som vedlegg til høyringsuttalen.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren i lag med framlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje forslaget i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-2019 som gjeld kapittel 10 Endring av avstandsgrense mellom foreldreheim og skule for å få bustipend.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje forslaget i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-2019 som gjeld kapittel 11 Redusert stipenddel i reisetilskotet til søkjarar som får stønad til vidaregåande opplæring i utlandet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør dei andre forslaga i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-19.

Saksprotokoll frå HO-sak 28/17 vert vedlegg til høyringsuttalen.

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/8252-3

Høyring - Forslag til forskrift om tildeling av utdanningsstøtte 2018 - 2019

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje forslaget i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-2019 som gjeld kapittel 10 Endring av avstandsgrense mellom foreldreheim og skule for å få bustipend.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje forslaget i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-2019 som gjeld kapittel 11 Redusert stipenddel i reisetilskotet til søkjarar som får stønad til vidaregåande opplæring i utlandet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør dei andre forslaga i forskrift om utdanningsstønad for skuleåret 2018-19.

SAKSFRAMSTILLING

Innleiing

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til forskrift om tildeling av utdanningsstønad for skuleåret 2018-19 på høyring.

Tildelingsforskrifta gjeld for eitt år om gangen. Forslaget til forskrift for 2018-19 byggjer på forskrift for inneverande skuleår, men inneber nokre endringar med konsekvensar for elevar i vidaregåande opplæring.

Nokre av forslaga byggjer også på regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2018, jf. Prop.1S (2017-2018) for Kunnskapsdepartementet. Stortinget si handsaming av statsbudsjettet for 2018 vil difor kunne påverke den endelege utforminga av forskrifta.

Høyringsfristen er 19.januar 2018. Sidan hovudutval for opplæring ikkje har møte før 14.2., legg fylkesdirektøren fram saka no. Hovudutvalet si fråsegn kan difor risikere å ikkje vere relevant for alle område i forslaget til forskrift.

Hovudutval for opplæring vedtok i møtet 25.10., sak 28/17 Skriv og meldingar, punkt 9/9a, følgjande fråsegn som vart send til partigruppene på Stortinget 06.11.:

I forslag til statsbudsjettet foreslår departementet å auke avstandsgrensa for å kunne få bortebruarstipend. Etter gjeldande regelverk kan elevar i vidaregåande opplæring få bortebruarstipend dersom dei ikkje bur heime hos foreldra sine og avstanden mellom heimen til foreldra og skulen er 40 km eller meir, eller om reisetida er tre timar eller meir samla kvar dag. Forslaget inneber å heve avstandsgrensa frå 40 km til 60 km. Dette er endringar som vil ramme elevar frå Sogn og Fjordane hardt. Sogn og Fjordane er eit distriktsfylke som trass

ein desentralisert skulestruktur, har flest hybelbuarar. Rundt 800, dvs. 30%, av våre elevar bur på hybel, og endringane som er foreslått vil ramme 230 av desse. Å pendle med buss, eller buss + båt, tre timar per dag, på smale og svingete vestlandsvegar, er ei stor belastning og vil gå hardt ut over både skule og sosialt liv for elevane. I distriktet er reisetid og kommunikasjonsstilbod avgjerande, ofte meir enn kor mange km du bur frå skulen. På ein del av strekningane eksisterer det per dato ikkje skuleruter. Hovudutval for opplæring er sterkt imot desse endringane og ber om at gjeldande regelverk vert vidareført.

Denne fråsegna er knytt til kap. 10 i høyringsdokumentet.

Fylkesdirektøren har på e-post 23.10. oppmoda ungdomspolitisk utval, Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane og dei vidaregåande skulane om å komme med innspel og synspunkt til høyringsfråsegna.

Firda vidaregåande skule og Mo og Øyrane vidaregåande skule har svart på oppmodinga.

Firda vidaregåande skule stør forslaga i kap. 8 og 9, men er svært kritisk til å endre avstandsgrensa frå 40 til 60 km, slik det er foreslått i kap.10. Skulen grunnjev dette mellom anna med konsekvensane ei slik endring vil få for elevar i utkant-Noreg, og trur endringa kan verke sentraliserande. Skulen meiner også at ei slik endring vil vere i strid med formålet til utdanningsstøtteordninga, som skal «gi like muligheter til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsdyktighet, økonomiske og sosiale forhold». (Sjå pkt.3 i høyringsnotatet)

Mo og Øyrane vidaregåande skule er også samd i forslaga i kap. 8 og 9, men er sterkt usamd i forslaget om å utvide avstandsgrensa for bustipend frå 40 til 60 km. Skulen vurderer det som veldig uheldig at fleire elevar blir avhengige av føresette sin økonomi. Ei slik endring vil råke elevar og skular i distrikta urimeleg hardt.

[Høyringsbrev og -dokument](#)
[Forskrift om utdanningsstøtte 2017-2018](#)

Endringsforslag med konsekvensar for vidaregåande opplæring

Følgjande fem forslag i høyringsdokumentet inneber etter fylkesdirektøren si vurdering konsekvensar for elevar i vidaregåande opplæring:

Kapittel i forslaget	Hovudinnhald i forskrift for 2017-18	Hovudinnhaldet i forslag til forskrift for 2018-19
8 Fulltidsstønad uavhengig av studiebelastning til elevar i vanleg vidaregåande opplæring, § 7-3	Studiebelastninga er styrande for kor stor del av full stønad det er mogeleg å få frå Lånekassen	Full støtte frå Lånekassen til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett, uavhengig av om studiebelastninga (omfang)er redusert eller ikkje.
9 Utvida rett til stønad til grunnskuleopplæring, §§4-1 bokstav d og 8-2	Rett til stønad i eitt år	Rett til stønad i inntil 2 år
10 Endring i avstandsgrense mellom foreldreheim og skule for å få bustipend (bortebuar-) §17-2	40 km eller meir, eller reisetid 3 timar eller meir samla per dag	60 km eller meir, elles som tidlegare
11 Redusert stipenddel i heimreisetilskotet til søkjarar som får stønad til (vanleg) vidaregåande opplæring i utlandet (ungdomsrettselevar) §38-1 første ledd	Dei som tar utdanning utanfor Norden får tilskot til to heimreiser. Tilskotet er avhengig av verdsdel. 70% av tilskotet er i dag stipend, 30% lån	Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere stipenddelen til 35% og å auke lånedelen til 65%
12 Fjerning av heimreisetilskot for søkjarar som studerer utanfor Norden og får stønad til reiser frå andre, §38-1 tredje ledd	Søkjarar som tar vidaregåande opplæring i Noreg eller i Norden, og som får stønad til reiser frå andre, får i dag ikkje slikt reisestipend.	Gjere ordninga lik for alle som tar vidaregåande opplæring i utlandet, uavhengig av om det er utanfor Norden eller ikkje. Forslag om unntak for stipend frå Erasmus +.

Kap. 14 i høyringsdokumentet inneheld berre forslag om regeltekniske endringar og presiseringar utan realitetsendringar, og vert ikkje kommenterte nærare.

Fylkesdirektøren kommenterer i det følgjande dei 5 forslaga som har konsekvensar for vidaregåande opplæring.

Kap. 8 Fulltidsstønad uavhengig av studiebelastning til elevar i vanleg vidaregåande opplæring, § 7-3

Etter opplæringslova skal elevane si opplæring vere tilpassa den enkelte sine føresetnader. Slik regelen er utforma i dag vert elevar med behov for tilpassing i form av redusert studiebelastning råka urimeleg hardt, med redusert stønad som konsekvens. Endringa gjeld elevar med ungdomsrett.

Forslag til ny forskriftstekst:

§ 7-3 andre ledd skal lyde:

Søkere som får støtte etter forskriftens andre del, får fulltidssøtte.

Fylkesdirektøren råd hovudutvalet til å stø forslaget.

Kap. 9 Utvida rett til stønad til grunnskuleopplæring, §§4-1 bokstav d og 8-2 andre ledd

Ei endring i opplæringslova i 2016 opnar for at å gi elevar med ungdomsrett meir grunnskuleopplæring, slik at dei seinare kan fullføre vidaregåande opplæring. Dette gjeld svært mange elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Stønadsregelverket vert med dette forslaget tilpassa endringa i opplæringslova.

Forslag til ny forskriftstekst:

§4-1 bokstav d skal lyde:

Grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 andre ledd

§8-2 andre ledd skal lyde:

Det gis støtte i opptil to år til søkere som får støtte etter §15-1 første ledd bokstav c.

Fylkesdirektøren råd hovudutvalet til å stø forslaget.

Kap. 10 Endring i avstandsgrense mellom foreldreheim og skule for å få bustipend, §17-2

Fylkesdirektøren viser her til fråsegna frå hovudutvalet som alt er send til partigruppene på Stortinget, og kommenterer ikkje dette punktet nærare her.

Kap. 11 Redusert stipenddel i heimreisetilskotet til søkjarar som får stønad til vanleg vidaregåande opplæring i utlandet.

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere stipenddelen frå 70% til 35%, og å auke lånedelen til 65%. Grunngevinga er at ein med dette får rom til å prioritere andre deler av utdanningsstøtteordninga, og at studentar i høgare utdanning alt har denne fordelinga mellom stipend og lån.

I praksis betyr dette at ein elev som tek vidaregåande opplæring i Europa får stipenddelen av tilskotet redusert med ca. 1700 kr, medan elevar i USA får ein reduksjon i stipendet på ca. 6000 kr.

Forslag til ny forskriftstekst:

§38-1 første ledd skal lyde:

Det gis tilskudd til to reiser tur-retur i året etter Lånekassens satser mellom Norge og regionen lærestedet ligger i. Lånekassen fastsetter regioninndelingen. Tilskuddet gis med 35% som stipend og 65% som lån.

Søkere som bor sammen med en av eller begge foreldrene, får ikke reisetilskudd.

.....

Etter fylkesdirektøren si vurdering kan ei slik omlegging kunne føre til at færre ungdommar søker vidaregåande opplæring i utlandet, av økonomiske omsyn. Foreldra sin økonomi kan også i større

grad enn tidlegare styre kven som har høve til å nytte seg av desse tilboda. Prinsippet om lik rett til utdanning vil, slik fylkesdirektøren vurderer det, med dette kunne svekkast.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å ikkje støtte forslaget.

Kap. 12 Fjerning av heimreisetilskot for søkjarar som studerer utanfor Norden og får stønad til reiser frå andre, §38-1 tredje ledd

Kunnskapsdepartementet foreslår å fjerne reisetilskotet til elevar og studentar i land utanfor Norden som får slikt tilskot frå andre. Det betyr at elevar og studentar i land utanfor Norden frå skuleåret 2018-2019 vert handsama som elevar og studentar i Noreg og Norden. Det vert gjort unntak for dei som får Erasmus+-stipend.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er dette ei rimeleg justering av forskrifta.

Forslag til ny forskriftstekst:

§38-1 tredje ledd skal lyde:

Det gis ikkje reisetilskudd til søkere som får støtte til reiser frå andre. Stipend fra Erasmus+ regnes ikkje som støtte til reiser.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å støtte forslaget.